



Referat årsmøte Vest Landbrukstenester tysdag 24. mars 2015 kl 1300 - 1600 på Stryn Hotel

Desse møtte: Salvatore Ligia, Sonja Skaare Esperø, Ragnvald Bergset, Heidi Håheim, Joar Sunde og Magnar Barmen. I tillegg møtte Liv-Ingrid Iversen Rand og Knut Sigurd Gald fra administrasjonen.

Forfall: Knut Johan Tjugen

Til saman var det 13 personar på årsmøtet.

Salvatore ynskte velkomen. Spesielt ynskte han organisasjonssjef i Sogn og Fjordane Bondelag Merete Støfring velkomen som føredragshaldar. Ho tok for seg velferdsordningane til bonden og inviterte til diskusjon om dei store endringane i forskriftene/regelverket frå 2015.

Saksliste

Sak 01 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

Sak 02 Val av ordstyrar/møteleiar

Forslag: Salvatore Ligia.

Vedtak:

Salvatore Ligia samrøystes vald.

Sak 03 Val av 2 personar til å skrive under møteboka

Forslag: Magnar Barmen og Heidi Håheim

Vedtak:

Magnar Barmen og Heidi Håheim samrøystes vald.

Sak 04 Årsmelding 2014

Knut Sigurd gjekk igjennom årsmeldinga.

Vedtak:

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

Sak 05 Styret si årsmelding 2014

Knut Sigurd gjekk gjennom årsmeldinga.

Styret si årsmelding vart teke opp til godkjenning i lag med rekneskap og disponering av resultatet.

Vedtak:

Ingen merknad, samrøystes godkjent.

Sak 06 Rekneskap 2014 – disponering av årsresultat (underskot)

Liv-Ingrid gjekk igjennom rekneskapet. Vidare vart revisjonsmeldinga frå PWC kommentert. Dei har revidert og godkjent rekneskapen.

Vedtak: Ingen merknad til rekneskapen, samrøystes godkjent.

Disponering av underskotet

Styret si tilråding: Underskotet kr 43 836 vert å dekke av fri eigenkapital (Ny fri EK 484 954).

Vedtak:

Styret si tilråding samrøystes godkjent.

Sak 07 Budsjett 2015

Liv-Ingrid gjekk gjennom budsjettet.

Vedtak:

Ingen merknad, samrøystes godkjent.

Sak 08 Årsplan 2015

Knut Sigurd gjekk gjennom årsplanen.

Vedtak:

Årsplanen for 2015 vart samrøystes godkjent.

Sak 09 Val etter vedtektene

- Val av styremedlem for 2 år
- Val av leiar for 1 år
- Val av nestleiar for 1 år
- Val av vararepresentantar til styret for 1 år
- Val av revisor for 2015
- Val av medlem og vara medlem til valnemnda

Valet til styret vart leia av leiar i valnemnda Svein Per Ervik.

Val av styremedlem for 2 år

- Salvatore Ligia på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*
- Heidi Håheim på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Val av leiar for 1 år

- Knut Johan Tjugen på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Val av nestleiar for 1 år

- Salvatore Ligia på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Val av vararepresentantar til styret for 1 år

- 1. Magnar Barmen på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*
- 2. Oddbjørn Reme på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

- 3. Joar Tjellaug på val. Forslag frå valnemnda om attval, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Val av revisor og valnemndmedlem vart leia av Salvatore Ligia.

Val av revisor for 2015

Det er kome to tilbod på revisjon. Det vart sett fram forslag om at årsmøtet gjev styret fullmakt til å peike ut revisor for 2015. *Årsmøtet gav styret fullmakt til å peike ut revisor for 2015.*

Val av valnemndmedlem

- Forslag frå styret om attval av medlem i valnemnda Svein Per Ervik og nytt vara medlem til valnemnda Gunnar Hjelle, ingen andre forslag. *Vald ved akklamasjon.*

Styret for 2015 ser slik ut

- Knut Johan Tjugen leiar
- Salvatore Ligia nestleiar
- Sonja Skåre Esperø
- Ragnvald Bergset
- Heidi Håheim
- Joar Sunde tilsettrepresentant

Varamedlemmar

- 1. Magnar Barmen
- 2. Oddbjørn Reme
- 3. Joar Tjellaug

Varamedlem tilsettrepresentant

- Hans Petter Hånes

Revisor

- Vert utpeika av styret

Valnemnd

- Edvar Tvinnereim leiar
- Bente Drageset
- Svein Per Ervik
- Gunnar Hjelle vara


Sak 10 Godtgjersle til tillitsvalde

- Godtgjersla til tillitsvalde har vore på kr 1 000 pr møte sidan 2014.
- Godtgjersle til styreleiar har vore kr 7 500 pr år sidan 2014.
- Valnemnda går inn for å behalde noverande godtgjersle.

Vedtak

Det vert ingen endringar av godtgjersla til dei tillitsvalde


Knut Sigurd delte ut ei rose til medlemane av styret som ei lita merksemd til kvar enkelt for at dei stiller på nytt som tillitsvalde, samt til Liv-Ingrid for trufast arbeid for Vest LT.



Knut Sigurd Gald
- Referat -



Magnar Barmen
- underskrift møtebok -



Heidi R.F. Håheim
- underskrift møtebok -